

## Orienteringssak – utkast til ny avtale for DigiVestland

DigiVestland er i dag eit samarbeid mellom 40 kommunar i Vestland, etablert i 2020 for å realisera kommunane sine målsettingar innan digitaliseringsområdet. Gjennom DigiVestland skal kommunane handtere og utnytte den digitale utviklinga, tilpasse dei nye løysingane i fellesskap, og ta dei raskt og effektivt i bruk.

Samarbeidsavtalen om DigiVestland skal fornyast med verknad frå 1. januar 2025, og utkast til ny avtaletekst er sendt kommunane med frist for tilbakemeldingar innan 30. juni.

### Bakgrunn

I 2023 spurte KS alle kommunar og fylkeskommunar om kva dei mest relevante utfordringane for kommunesektoren framover var. Samordning av digitaliseringsarbeidet er ikkje berre peika på som ei utfordring, men også som ein viktig bidragsytar til å handtere mange av dei andre utfordringane sektoren står ovanfor. Mellom anna gjennom kvalitetsforbetring og effektivisering.

Regionale digitaliseringsnettverk er i dette biletet ei viktig brikke for å møte utfordringane sektoren står ovanfor. KS har difor etablert ein nasjonal samstyringsstruktur på digitaliseringsområdet som samverkar med dei regionale digitaliseringsnettverka for å realisere målsettingane.

Det er digitaliseringsnettverk i alle fylke i Norge, mellom anna forankra i vedtak frå KS Landsting i 2020 og 2024.

Digitaliseringsnettverka er strategisk og operativt viktige for KS og kommunesektoren i arbeidet med å:

- styrka den samla kompetansen innan digitalisering, og dele på nøkkelkompetanse.
- auke gjennomføringskrafta i utbreiinga av, og gevinstrealiseringa av nasjonale løysingar og prosjekt.
- forsterke og påverke det nasjonale utviklingsarbeidet.

### Kunnskapsgrunnlag som utgangspunkt for ny avtale

Som grunnlag for ny samarbeidsavtale i DigiVestland er det utarbeida eit kunnskapsgrunnlag som beskriv bakgrunnen for samarbeidet og prosessen med ny avtale, ein analyse av no-situasjonen innan digitalisering, både i Vestland og meir generelt. Kunnskapsgrunnlaget oppsummera og vurderer korleis dette påverkar ein ny samarbeidsavtale for DigiVestland. Kunnskapsgrunnlaget har vore på høyring i kommunane, og er no vedteken.

Med utgangspunkt i kunnskapsgrunnlaget er det utarbeidd utkast til ny samarbeidsavtale for DigiVestland. I utkastet er fire innsatsområde med tilhøyrande mål beskive:

- **Samhandling:** God samhandling regionalt og nasjonalt, med open dialog og informasjonsflyt.
- **Kompetanse:** Tilstrekkeleg tilgang til kompetanse og kapasitet innanfor digitalisering.
- **Konsept- og prosjektforslag:** Gode konsept- og prosjektforslag blir identifisert og fremma.
- **Felles digitale løysingar:** Effektiv innføring av nye nasjonale og regionale løysingar.

### Hovudtrekk i utkast til ny samarbeidsavtale

Det er særleg lagt vekt på å synleggjera at samarbeidet er mellom kommunane, der den administrative delen av DigiVestland er eit verktøy for kommunane til å få utført oppgåvene avtalen legg til grunn for samarbeidet. Avtalen skal leggja til rette for ei transparent drift av samarbeidet, der alle kjenner eigarskap og ansvar for å delta på likefot.

Utkastet er bygd på ei endring i organisasjonsform frå førre periode, med oppretting av kommunalt oppgåvefelleskap, representantskap av folkevalde representantar, styringsgruppe og dagleg leiar.

Finansiering av samarbeidet blir i hovudsak vidareført, med grunnfinansiering gjennom deltakarinnskot, og prosjektfinansiering dekkja på andre måtar. Det er vidareført minimums- og maksimumsinnskot, samt tillegg per innbyggjar. Beløpa er foreslått justert for ei meir rettferdig fordeling mellom kommunane.

Når endeleg avtaletekst er klar, vil ein starta arbeidet med styringsdokument som følg av avtalen.

### **Behandling i Fylkesstyre og Kommunedirektørutval**

Fylkesstyret og Kommunedirektørutvalet for KS i Vestland behandla sak om utkast til ny avtale i sine møte 28. mai, det vart gjort følgjande vedtak:

*«Fylkesstyret og kommunedirektørutvalet i Vestland meiner DigiVestland er strategisk viktig for å realisere kommunane sine målsettingar innan digitaliseringsområdet.*

*Fylkesstyret og kommunedirektørutvalet i Vestland rår kommunane i Vestland til å delta i DigiVestland, gjennom å inngå ny samarbeidsavtale gjeldande frå 1. januar 2025.*

*Fylkesstyret og kommunedirektørutvalet i Vestland ber om at avtaleutkastet vert sendt til kommunane for innspel og oppmodar kommunane om å gje innspel til ny samarbeidsavtale for DigiVestland.*

*Fylkesstyret ber kommunedirektørutvalet i Vestland om å følgje opp arbeidet med ny samarbeidsavtale.»*

Endeleg avtaletekst blir sendt kommunane i starten på september, for vedtak om tilslutning.